

MEDLEMSMØTE OG ÅRSMØTE I NORILCO SUNNMØRE 2020

Det vert medlemsmøte og årsmøte i Norilco Sunnmøre laurdag 14.mars kl. 12.30.

Stad: Quality Hotel Ulstein, Ulsteinvik

Program:

- Vi startar med lunsj kl. 12:30, og får servert to rettar lunsj.
- Årsmøtesaker i møterommet ca. kl. 13:30.
- Kort pause «Quality break» (med frukt/grønsaker softis, popcorn, kaffi, kaker)
- Kreftsjukepleiar Else Karin Kjerstad held foredrag om temaet tarmkreft og livet vidare.

Sakliste for årsmøtet:

1. Konstituere årsmøtet
2. Val av møteleiar og sekretær for årsmøtet
3. Val av to medlemar til å underteikne protokoll frå årsmøtet
4. Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2019
5. Fastsetjing av budsjett og aktivitetsplan/handlingsplan for 2020
6. Innkomne saker (saker må vere levert styret seinast to veker før årsmøtet).
7. Val av styre
8. Val av valnemnd
9. Val av revisorar

Norilco Sunnmøre treng nye kandidatar til styre og valnemnd.

Styret vonar at medlemane har interesse av å halde liv i foreininga, og at vi har medlemar som vil stille som kandidat til styre eller valnemnd. Vi ber om at interesse til verv vert meld til styret snarast råd. Benkeforslag kan òg fremjast under valet, for kandidatar som er førespurt. Kandidatar må ha betalt kontingent for 2019 eller 2020 (gjeld òg for tale- og stemmerett). Gjeld ikkje nye innmelde.

Styret og revisorar i Norilco Sunnmøre har i 2019 vore:

<i>Leiar / Likepersonleiar</i>	Asbjørn Endresen	På val
<i>Nestleiar:</i>	Brit Harsem	Ikkje på val
<i>Kasserar:</i>	Roald Rekdal	Ikkje på val
<i>Sekretær:</i>	Evy Rogne Kjærstad	På val
<i>Styremedlem:</i>	Sylvi Røren	Ikkje på val
<i>Ungdomsrepresentant:</i>	Kim Andre Grande	På val
<i>Revisor</i>	Annlaug Høgstøyl	På val
<i>Revisor</i>	Ingunn Mork Grimstad	På val

Prisar:

Medlemar: kr. 200.- Ikkje medlem: kr. 525.- (Ved innmelding seinast v/påmelding gjeld pris for medlem). Gje opp ev. matallergiar ved påmelding.

Påmelding seinast torsdag 21. februar:

Asbjørn Endresen tlf/sms. 993 68 088, e-post: sunnmore@norilco.no

Velkomne til årsmøte/medlemsmøte. Ta gjerne med ektefelle, sambuar eller ein ven!

Venleg helsing styret i Norilco Sunnmøre.